

**Sint Mann.  
Eit Vitenskapeleg essay.**

**BACHELOROPPGAVE (OPPG300)  
Polithøgskolen  
2013**

Kand.nr: 510  
Antall ord: 6591

## **Oppdraget.**

Dette essayet baserar seg på ei verkeleg hending eg opplevde i praksisåret mitt. Samtlege namn er fiktive. Det er tidleg på hausten. Eg har nettopp starta mi praksisperiode ein stad på Vestlandet. Eg køyre nattpatrolje natt til søndag saman med min praksisveileiar i natt. Ferien har nettopp teke slutt og byen er full av studentar som har si tradisjonelle fadderveeker. Det har vore ei travel natt og gatene er fulle av folk. Skumringa nærmar seg og fjella byrjar å vise seg i horisonten. Vegleiaren min er trøytt og han seier at han ser fram til vaktskifte, samt at det hadde smakt med ein kaffi.

Rundt klokka 05:00 på morgonen får vi melding frå operasjonssentralen om husbråk i ei av bygdene, som ligg utanfor bysentrum. Vi er slitne og trøytte, men når plikta kallar legg vi det bak oss.

Ifølgje operasjonssentralen har dette høg prioritet, og til tross for ei hektisk vakt og mange folk ute i gatene blir vi sendt langt vekk frå sentrum. Eg har aldri vore med på eit oppdrag som involverer ”husbråk” før, og eg er relativt spent på kva som ventar oss.

I mitt hovud ser eg kanskje føre meg to par som kranglar eller er det kanskje berre er ein nabo som overreagerar? Operasjonsleiaren kjem med ny informasjon, og no er det er langt meir alvorleg. Han fortel at det er kvinna sjølv som har meldt frå om hendinga til politiet, ho treng augneblikkeleg hjelp. Pulsen min stig.

Sjølv om det er tidleg på morgonen prøvar eg å samle konsentrasjonen og fokus ein gong til, og eg prøvar å forberede meg best mogeleg til kva som eventuelt ventar oss.

På politihøgskulen er vi gjort kjent med ”*verstefalls-teorien*”. Eg ser føre meg ein ektemann som står over si blodige kone og slår, medan borna står skrikande i bakgrunnen. Eg får frysningar.

Erfaringsmessig trur vegleiaren min at det ikkje er noko alvorleg, men eg kan ikkje leggje frå meg tanken at vi kan få sjå noko stygt. Vi slår på blålyset og er framme rundt 15-20 minuttar seinare.

Det er vanskeleg å finne fram til huset. Det er mørkt, utan gatebelysning og därleg skilting i bygda. Vi køyrer over nokre grusvegar og forbi mørke hus utan å finne fram. Sjølv GPS`en

finn ikkje adressa. Eg er utovermodig, og følar at kvart sekund som går tapt er eit sekund for mykje.

Omsider finn vi huset. Huset er relativt stort på tre etasjar med ei separat garasje. Det er lys i vindauge og innkøryselen er lyst opp av ei lykt festa på garasjen.

Vi går ut av politibilen og ser oss rundt oss. Det er ingen personar å sjå og det er heilt stille.

Ikkje akkurat det eg hadde forventa, men pulsen held seg oppe. Kanskje vil ein mann kome ut av døra og angripe oss? Eg held meg litt tilbake, høgrehanda festa med eit godt grep på utstyrssbeltet, i området rundt pepparsprayen og batongen.

Raskt finn vi ut at alt ikkje er som det skal. Framom inngangsdøra og på graset ligg det dørlistar, tilsynelatande revet rett ut av veggen. Vindaugen på inngangsdøra er knust.

Vi ringjer på dørklokka. Det er stille. Vi ringjer på ein gong til, og ikkje lengje etterpå høyrer vi nokon som går rundt inne i huset. Like etterpå opnar ei dame i 40-åra opp. Ho er kledd i ei kvit badekåpe. Kvinnan som møter oss heiter Ingeborg. Ho fortel at ho er glad for å sjå oss og fortel det var ho som ringte politiet. Ingeborg forklarar oss at det var mannen hennan Rolf, som har utført skadeverket. Etter ho ringte politiet hadde Rolf forsvunne, i det ho trur er ein taxi. Ho veit ikkje kvar han er no. Vi opplyser operasjonssentralen om dette, men får beskjed om halde oss saman med kvinnan og få oversikt over kva som har skjedd. Vegleiaren min og Ingeborg går inn.

For sikkerheitsskuld tek eg og makkaren ei runde rundt huset og lysar med lommelyktene vore. Kanskje ligg Rolf i ei busk og observera oss? Vi finn ingen Rolf. Litt skuffa ,men likevel letta følgjer eg på vegleiaren min inn i huset. Pulsen synk ned til eit normalnivå igjen.

Inne i gangen ligg det glassbitar over golvet frå det knuste vindauge på inngangsdøra og eit speil som har blitt knust. Det sprakar når vi går over golvet. Det ligg også dørlistar her.

Tydelegvis har ikkje Rolf kome seg noko lengre inn i huset enn til gangen. Berre ei dør skil gangen frå resten av huset.

Når vi kjem inn i stova møter vi ei fin og møblert stove. Sjølv om det er tidleg i praksisåret mitt har eg kun vore inne i heimar frå ”lavare -sosiale lag”. Her er det ein stor flatskjerm-tv, parkett, skinnmøblar, lysekroner og glashyller fylt opp med fat og glas. Kanskje av porselen og krystall. Det er litt uvanleg å være i eit hus som ikkje gjev preg av å vere frå eit ”belasta”

område. Det var ikkje dette eg forventa. På ein måte greier eg å identifisere meg meir her enn i dei vanlege leilegheitene politiet besøker mest.

Vidare inn i stua møter vi på Ingeborgs to søner. Terje på 14 år og Markus på 16. Begge to har kun på seg boxershorts, og Markus har ei kjevle i handa. Han forklarar at han hadde tenkt å bruke den på Rolf om han greidde å kome seg inn på stova. Begge to er tydeleg prega og er raude rundt auga og dei begge er på gråten. Terje skjelv i stemma då han pratar med oss, og det er vanskeleg å ikkje bli berørt. Eg får ein sterk sympati med dei, og kjenner det hadde smakt godt å kunne pågripe Rolf no.

Vegleiaren min tek eit avhør av Ingeborg og gir ho sine rettigheiter som fornærma. Ingeborg fortel til oss at ho og Rolf er gifte, men no er separerte. Rolf er sint på Ingeborg fordi han meina han ikkje har fått det samværet med Markus og Terje han har krav på. Skilsmisse-prosessen er vanskeleg, mykje fordi Rolf jobbar på sjøen. Ingeborg byrjar å grine då ho fortel om hendinga. Markus prøvar å ta opp igjen tråden til mora sin forklaring, men han og slit med å forklare kva som har skjedd utan å gråte. Alle tre er tydeleg prega. Då vi spør om etternamnet til ein av gutane fortel han at han ikkje vil bruke det same namnet han delar med faren lengjer. Begge fortel dei hatar han og vil ikkje ha noko meir med han å gjere.

Markus forklarar at Rolf hadde ringt tidlegare på ettermiddagen. Han ville være saman med dei denne laurdagskvelden. Markus hadde då forklart han at dei skulle spele i ei fotballturnering dagen etterpå, og kunne derfor ikkje reise heim til han å overnatte. Rolf bur for tida saman med broren sin, ein time frå Ingeborg. I tillegg kunne han høyre at Rolf hadde drukke alkohol. Rolf drikk ofte alkohol då han ikkje er på sjøen. Rolf aksepterte ikkje forklaringa til gutane om at dei skulle spele i ei fotballturnering. I løpet av kvelden hadde Rolf sendt SMS-ar og ringt dei fleire gongar. På meldingane skreiv han blant anna at Ingeborg hadde vendt sönene hans i mot han. Til slutt hadde det blitt stille og dei hadde lagt seg like før midnatt. Rundt klokka 04:30 hadde dei tre vakna til bråk utanfor huset. Rolf hadde kome på døra og vore rasande. Ytterdøra var heldigvis låst, men han hadde likevel greidd å bryte seg inn i gangen. Frå gangen ropte han fleire gongar at han skulle drepe dei alle saman, med berre hendene om dei ikkje slapp han inn.

Ingeborg fortel til oss at Rolf har vore aggressiv mot ho før, som regel når han drikk, men ikkje med ungane i nærleiken, men aldri så utagerande som i natt. Ho er berre glad for at han

er vekk, men er redd for at han skal kome tilbake.

Eg tek bilet av skadane som eg skal bruke i ei illustrasjonsmappe<sup>1</sup>. Vi tek kontakt med operasjonssentralen som i mellomtida har vore på tråden med forskjellige taxi-selskap i byen. Dei har spora opp taxien som henta Rolf. Dei opplyser oss at Rolf har teke inn på eit hotell i sentrum. ”Bingo” tenkjer eg og ser for meg ein pågripelse samtidig som eg er nøgd med operasjonssentralen sin innsats med å spore han opp. Men den påfølgande beskjeden er skuffande. Vi får beskjed om å returnere til sentrum og sørge for ro og orden i gatene til dei er tome for folk.

Vi gir Ingeborg direktenummeret til bilen vår i tilfelle han skal kome tilbake. Ingeborg blir gjort kjent med at vi kjem til å opprette ei sak om det som skjedde, men vi er avhengig av at ho og leverar ein anmeldelse. Ho lovar oss at ho skal gi si forklaring om hendinga på politistasjonen førstkommande mandag, og at ho vil Rolf skal bli straffa for handlingane sine.

Ein del av meg er vonbroten over at Rolf slepp billig unna i natt, men likevel er ein anna del av meg litt letta. Kanskje det beste for alle partar var at Rolf fekk sove ut rusen på hotellet? Klokka er no 06:00 på morgonen og det er snart på tide å køyre inn for vaktskifte. Den trøyte delen av meg vel å stole på at operasjonsleiaren gjorde det rette valet.

Som vanleg etter avslutta oppdrag diskuterar vi utfallet i patruljebilen. Vegleiaren min fortel at slike hendingar ikkje er uvanlege. Spesielt i dei tilfella det omhandlar seperasjon, der det er born i biletet og ikkje minst alkohol. Han trur og at Ingeborg ikkje kjem til å anmeldre Rolf på mandag. Ein påstand eg er ueinig i. Eg kan ikkje forstå at nokon som har opplevd ei slik traumatiske hending berre kan late den ligge. Rolf bør få svi på ”pungen”.

Rundt to-tre månader seinare sit eg aleine på stasjonen og går gjennom gamle saker. Tilfeldigvis kjem eg til å tenkje på hendinga den seinsumar-kvelden, og vart nysgjerrig på kva som hende vidare. Etter å ha bladd gjennom nokre politiloggar finn eg saka att, og ser at det ikkje hadde kome inn nokon anmeldelse og at saka er henlagt av jurist.

Eg les ein eigenrapport oppretta av ein etterforskar som har snakka med Ingeborg.

---

<sup>1</sup> Illustrasjonsmappe er ei fotomappe med bilet som blir lagt med ei sak, både fysisk og digitalt. Blir ofte brukt til å dokumentere å forklare skadar på person eller gjenstandar.

Etterforskaren har blant anna spurt Ingeborg kvifor ho ikkje ville anmeldte Rolf. Ingeborg hadde forklarte at ho såg ingen grunn til å anmeldre sidan han snart skulle på sjøen. Ho meinte det var best for ungane og for forholdet deira til Rolf å berre late saka liggje.

Eg er overraska. Det følast som eg sit igjen i eit ”vakum” med fleire spørsmål.

Kvífor vil ho ikkje anmeldre mannen som har trua ho og sónene på livet, mens han prøvde å bryte seg inn i huset? Det må ha vore ein grufull opplevelse og kanskje traumatiserande for ungane hennar. Er ikkje dette ei sak som og gjeld Markus og Terje?

Kva om Rolf kjem heim frå sjøen og finn eit nytt påskudd til å oppsøke familien henna og rive ned halve huset? Har dei ikkje tenkt på kva som kunne skjedd om døra frå gangen til stova ikkje var låst? Og sist men ikkje minst, er det noko vi i politiet kan gjere eller burde ha gjort annleis for at det ikkje skal hende igjen i framtida?

### I etterkant

I ettertid er dette ei sak som både har skremt og fasinert meg. Skremt meg fordi eg ikkje forstår korleis vaksne folk med ungar etter mitt syn kan være så naive. Fasinert meg i den grad at familievald ikkje er ei enkelt-episode, men eit fenomen som faktisk er ganske vanleg. Faktisk har over ti prosent (11.8%) opplevd å bli slått av mannen sin (Haaland, T & Clausen 2005). Sjølv om det er mange nyansar mellom kvar hending er det likevel fleire likheiter enn ulikheiter. Dette skal eg kome tilbake til seinare.

Når eg tenkjer på denne saka tek eg meg sjølv ofte i å reflektere over kva eg hadde gjort i etterkant om eg var Ingeborg situasjon. Men eg har innsett at så lengje eg verken er kvinne, har omsorg for ungar eller ein familieøkonomi, er eg ugild til å kunne seie at eg sit med fasiten.

I media har det i dei siste åra blitt retta mykje merksemad mot familievold. Ei av dei store tabloidavisene har blant anna kjørt ei kampanje som heiter ”*drept av sine menn*”. Aviser har kome med artiklar om korleis ein kan finne ut om ein person slår sin sambuar, og reportasjar frå fjernsynsapparatet fortel at berre to av ti som blir anmeldt for familievald blir dømde. Ikkje berre har det ført eit auka fokus på problemet, men det har også ført meir press på politiet. Publikum krev handling.

Dette er noko som til slutt har kokt ned på ”*Justis – og beredskapsdepartementet sin handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2012*”, ein handlingsplan som allereie byggjer på ein vegleiari politidirektoratet (POD) laga i 2008 som heiter ”*Politiets arbeid med vold i nære relasjoner*”.

Dåverande politidirektør Ingelin Killengreen innleiar vegleiaren med desse orda: ”*Vold i nære relasjoner kan ikke aksepteres. Dette er ikke en privatsak.*” Ein påstand eg har bite meg merke i. I tillegg har riksadvokaten, som øvste leiar for påtalemyndigheita kome med retningslinjer for korleis politiet skal jobbe med familievaldssaker. Riksadvokaten sitt rundskriv nr.3 2008 skriv han at politiet skal sette i gong etterforskning straks politiet kan stå overfor en familivoldssak. Politiet har tenkt å vise handlekraft mot problemet.

Men kva er familievald? I straffelova §219 står det blant anna: ”*Den som ved å true, tvinge, begrense bevegelsesfriheten til, utøve vold mot eller på annen måte krenke, grovt eller gjentatt mishandler sin tidligere eller nåværende samboer kan straffes med inntil 4 års fengsel*”.

Rolf trua både med å drepe Ingeborg, Terje og Markus, noko som betyr at vi hadde heimel til å pågripe han. I ettertid vil nok Rolf sjølv forsvare seg med at dette berre vart sagt i ”fylla” og at han ikkje meinte alvor med det. Noko som igjen ikkje er uvanleg i slike situasjonar. Men straffelova tek ikkje høgde for slike unnskyldningar. I straffelova står det blant anna at personar i sjølvforskyld rus er ikkje straffrie.

Så kvifor lagde vi ikkje noko større sak ut av det? Med alt det negative fokuset på politiet sitt arbeid med familievald føler eg at vi svikta i denne saka.

Som uerfaren politistudent i praksis så er ikkje dette noko eg tenkte på før i ettertid. Eg kjende ikkje til rutinane for slike saker, men eg meinte vi burde ha reist til hotellet der Rolf overnatta for pågripe han.

I riksadvokaten sitt rundskriv om familievald (nr.3.2008) skriv han at politiet skal i eitkvart tilfelle som minner om familievald skal setje i gong etterforskning. Riksadvokaten sitt utsegn går tett saman med stortingen sin beslutning om saker som kan tyde på vald i nære relasjoner skal ha offentleg påtale. Det vil seie at politiet i teorien ikkje treng ein anmeldelse frå ein

fornærma for å iverksetje etterforsking, men kan starte den sjølv.

Ei etterforsking vi ikkje utførte. Vertfall ikkje tilfredsstillande nok etter mitt syn. Å opprette ei sak med illustrasjonsmappe av skadane Rolf påførte huset og avhøyr av Ingeborg var ikkje etter mitt syn tilfredsstillande politiarbeid når vi hadde klare spor å gå etter. Politiet burde vist handlekraft å oppsøkt Rolf, der vi i det minste kunne fått eit avhøyr av han der vi fekk vurdere han sjølv. I slike tilfelle er det viktig for politiet å undersøke om det er gjentakelsesfare.

Følelsen av å handla feil er stor i dette tilfellet. Ikkje berre juridisk, men også etisk.

Kva om Rolf vil gjere slike handlingar igjen? Kunne det ha vore stoppa om vi viste meir initiativ? For å setje det på spissen; kan vi få ”blod” på hendene? Burde vi ha ignorert operasjonsleiaren sin ordre?

Likevel viser det seg at dei fleste tilfelle der politiet rykkjer ut på melding om husbråk eller familievald ender slik som vårt. Ein gjennomgang utført av Oslo-politiet viser at 38% av utrykkingar til slike tilfelle endar utan pågriping og blir ordna på staden (Aas, 2011 s7). Likevel føler eg at vi ikkje kan gøyme oss bak statistikkar som viser at vi ikkje handla ”unormalt”. Kvar enkelt sak politiet hamnar i, er dynamisk og særeigen. Nokon meir alvorlege enn andre. Heldigvis var ikkje denne saka blant dei mest alvorlege politiet hamnar i.

Eg meina likevel ikkje berre at det er politiet som har eit ansvar i denne saka. Kva med Ingeborg og hennar rolle som mor til to tenåringar? Har ikkje ho ei plikt som forelder for sørge for at dette ikkje skjer igjen?

Nasjonalt kunnskapssenter for vold og traumatiske stress skriv på sine nettsider at born som blir utsatt eller opplever vold i heimen sin risikerer å få alvorlege psykiske og atferdsmessige problem som blant anna innebefatter blant anna depresjon, angst og aggressiv åtferd (*NKVTS, Carolina Øverlien 2010*).

Med tanke på at Terje og Markus var godt inne i tenåra er det sansynleg at denne hendinga ikkje var med å skade utviklinga deira. Men då er spørsmålet om dette er noko som kan ha skjedd før, noko som ikkje er uvanleg i tilfelle rundt familievald. Om dette har skjedd før meinar eg det vil være enda meir uheldig om vi valde å sjå bort frå den. Kanskje vi berre berørte ”toppen av isfjellet”?

Det var uansett ikkje noko vi kunne vite når vi var der, men det er vel derfor riksadvokaten har oppretta eit krav om å iverksette etterforsking uavhengig av skjønn?

Hadde vi tatt saka litt lengjer i vore eigne hender kunne vi kanskje fått slike opplysningar. Opplysningar som kanskje viste at Rolf var eit ”monster” og at dette hadde skjedd fleire gongar. Men det kunne også ha kome opplysningar som viste det motsatte, at det var Ingeborg som var den store ”stygge ulven”.

### Ingeborg

Eg viser til tidlegare politidirektør Ingelin Killengreen sine ord, at slike saker ikkje er ei privatsak. Eg kan forstå at det er tilfeller der ute, med offer som lev i ein ond sirkel dei ikkje kjem seg ut av, der politiet må gripe inn. Men behøver det alltid å være slik?

Eg har prøvd å sjå saka frå Ingeborg sin ståstad og tatt standpunkt i det vi veit, og kvifor ho ikkje velde å samarbeide med politiet for å få mannen dømt. Veiledar om politiets arbeid med vald i nære relasjonar (POD 2008) peikar på ei kjend problemstilling innanfor temaet: Valdshjulet. Eit hjul som består av tre fasar: Spenningsoppbygging, eksplosjon og ”hvetebrodsdagar”. Ein ond sirkel som ikkje tek slutt.

I dette hjulet kan vi seie at vi kom like etter fase to, men det er fase tre som er det interessante. Under hvetebrodsdagar står det at mannen ofte brukar å be om tilgjeving, viser anger og lovar at det aldri skal skje igjen, noko som tilsynelatande ofte fungerer. Kvinna kan då setje lit til gjerningsmannen og trekke tilbake påtalebegjæring fordi ho stolar på han. Er det tilfellet her?

Motivet til slike tilsynelatande uforståelige handlingar blir forklart av Askeland m.fl (2002, s72-76) og visar til sikkerheit, skuld, ansvar, skam og sjølvforakt samt sosiale og familiære omsyn. Eg har med dette i bakhovudet prøvd å reflektert litt rundt og sjå saka frå Ingeborg si side. Det er ikkje til å kome bort frå det faktum at Terje og Markus har ei framtid med Rolf, og det at kan vere den framtida Ingeborg prøvar å bevare. Å oppretthalde ”familieidullen”, der mor og far kan ha god kontakt med kvarandre er ofte det beste for ungane. Dette kunne blitt vanskeleg å få til om Ingeborg hadde tatt vegen til politistasjonen og anmeldt Rolf. Forholdet mellom Ingeborg og Rolf kunne aldri meir blitt det same.

Å bli utsatt for vald frå sine nærmaste er og ei skambelagt hending. Askeland fortel at å bli utsatt for vald og underkasting førar med seg skam, noko som er med på å bryte ned

sjølvfølelsen. Ingeborg har allereie vist si sårbare side til borna sine, noko som må ha vore tungt både for Ingeborg og ikkje minst borna sjølve. Ein person i hennar situasjon vil nok forståeleg nok gå vidare med livet sitt og ikkje gjenfortelle hendingane på politistasjonen, og kanskje starte ein long straffeprosess på lik linje med skilsmissesprosessen. Ein prosess som kunne enda opp i retten, og med det offentleggjort familietragedien for heile bygda.

”Bygdeslarv” som eg likar å kalle det er ein sentral del i bygdekulturen. Folk er opptatt i kva som skjer i andre heimar spesielt om det er av den kontroversielle typen. Dette har ein konsekvens at folk vil ikkje at slike type hendingar om seg sjølv skal sleppe ut og bli diskutert rundt dei mange kaffiborda i bygda. Den uformelle kontrollen står sterkt på mindre plassar. Det som er upassande vil ein helst halde bak husets fire veggar.

Det er og mogleg at Ingeborg ikkje ser på seg sjølv som noko offer.

Offerbegrepet er noko som ofte blir omtala i diskusjonar rundt familievold, der kvinna ofte blir sett på som det ”ideelle offeret” som står ovanfor ein sterkare og større motpart og lev generelt i ein posisjon ho ikkje kan skuldast for. Dette er ei grovt forenkla forklaring av den generelle haldninga samfunnet har til offer som blir utsatt for vald i heimen.

Geir Aas beskriver dette fenomenet slik ”*Offerbegrepet assosieres lett med egenskaper som ”stakkarslig” og ”svak”. I det ligger det betydelige muligheter for å stigmatisere mennesker som har vært utsatt for overgrep. Man blir et offer – blir det andre har gjort mot en.*” (Aas, Geir 2009 s196). Slik eg tenkjer over Aas sin beskriving ser eg ei moglegheit for at Ingeborg ikkje såg på seg sjølv som eit offer, eller ikkje ynskte at andre skulle gjere det. At gutane hennar fekk sjå mora si i ein svært sårbart situasjon, kan og gi ho eit motiv om å reise seg igjen å vise seg som den trygge omsorgspersonen ho skal være. Dette kan gi ho eit påskudd om at det er noko ho skal greie sjølv, å ikkje gå til politiet etter hjelp. Her kjem då offeret sin vilje i konflikt med stortingets beslutning om at politiet skal ta kontroll over offeret si sak med kravet om offentleg påtale. Offeret kan føle ei slags umyndiggjering av seg sjølv og sin situasjon.

Eit anna faktor kan være at Ingeborg følar sympati og bryr seg om Rolf. Ein person som ho kan ha kjent i over 20 år, har brydd seg om, respektert og vore glad i. At ho no ser han redusert til ein person utan eit skikkeleg nettverk som må bu med broren, der alkoholen og ungane er hans einaste lyspunkt kan føre at Ingeborg har sympati med Rolf.

I tillegg er Rolf ein person ho har mykje historie saman med, som har vore ein stor del av livet hennar at ho rett og slett fortsatt er veldig glad i Rolf. Med dette som bakteppe kan eg skjønne at skritta til politistasjonen kan ha vore lange for Ingeborg. Med dette kan kanskje politiets handlingar (eller mangelen på) vore med å hjelpe Ingeborg, istadenfor å forstørre dei.

### Rolf

Då det kjem til Rolf har eg reflektert rundt kva det er som får han til å handle slik som han gjer. Kva framprovoserar slike handlingar? Er det ein hersketeknikk? Er det ein forsvarsmekanisme? Eller kanskje begge deler?

I forbindelse med samtalar med menn som begår vald mot kvinnelege partnerar har psykologen Per Isdal kome fram til denne konklusjonen:

*"Volden er en manlig måte å mestre følelser på, som følelsen av avhengighet, usikkerhet, frykt, tilkortkomming, mislykkethet, svakhet og sinne. Volden er en måte å håndtere egne problemer med selvbiilde og selvfølelse på. Når jeg føler meg liten, kan jeg føle meg større ved å gjøre andre mindre enn meg selv"* (Isdal 1990 s156)

Med ein slik konklusjon er det lett å setje Rolf inn i situasjonar som kan hjelpe oss til å forstå hans handlingar litt betre. Kanskje føler Rolf hans rolle som far er i ferd med å renne bort mellom fingrane sine og føler seg desperat? Og når impulskontrollen blir lavare med inntak av alkohol kan voldsom adferd bli svaret.

Eg kjenner ikkje til Rolf på nokon anna måte enn det vi fikk vite om han under oppdraget. Det er lett å døme Rolf på bakgrunn av det, men etter Ingeborg sin forklaring hadde han vore utagerande tidlegare, noko som ikkje er uvanleg. Heile 15% av kvinner har i løpet av livet opplevd at partneren har opptrådt valdsamt på ein eller anna måte (Haaland, T & Clausen 2005).

Så kva utløyste Rolf sine handlingar? Vi snakkar om ein mann som tydelegvis ikkje går gjennom den beste perioden i livet sitt. Han opplever ein slags motbakke der det moglegens viktigaste fundamentet i livet hans sviktar under han, familien og borna.

Eg kan tenke meg at ein skilsmisseprosess er ein svært belastande påkjenning for dei som går

gjennom det. Ei periode med mykje stress som innebere praktiske og følelsesmessige utfordringar. Det kjem fram at Rolf hadde jobb på sjøen og er dermed mykje borte frå familien. Eg ser dermed framfor meg at han er på ein måte er ”handlingslamma” då han er på jobb. Det er mykje han ikkje greier å ordne seg borte frå land som for eksempel leilegheit og dei praktiske spørsmåla om kven som skal ha ansvaret får lånet, bilen, verdsetting, deling av innboet og barne -(evt) ektefellebidrag. Stresset og presset om å innfri kan vere høgt.

Då Rolf først kjem i land er det mykje som skal ordnast, men det aller viktigaste er kanskje samværet med borna som no kan vere det største lyspunktet i livet hans. Når han ikkje får det samværet han meina han har krav på kan det vere med på å utløyse ein sterk følelsesmessig reaksjon. Kombinert med alkohol kan utfallet bli fatalt. Det er eit velkjent faktum at alkohol senkar terskelen for bruk av aggressiv adferd. Ei undersøking av kvinner utsatt for vald frå partneren viser at heile 44.5 prosent av dei mannlige gjerningspersonane var påverka av rusmiddel (Haaland, T & Clausen 2005 s79).

Rolf kan ha følt seg med andre ord tråkka på, handlingslamma og påverka av alkohol kanskje til og med redd, noko som kan ha utløyst handlingane hans.

Er det noko eg erfarte i praksisåret mitt er at det aldri er noko svart/kvitt-bilete på ting. Ting er neppe slik dei først ser ut. Det store faremomentet sett frå eit etterforskningsperspektiv er dermed å gå i bekreftelsesfella. Det handlar om at vi skal ha eit ope sinn og ikkje utelukke andre teoriar. Vi kan heller ikkje utelukke at Ingeborg har oppført seg därleg mot Rolf. Ei form for psykisk makkrieg der Rolf faktisk ikkje får den tida han har krav på av sønene, at Ingeborg set opp planar for ungane sine som på ein utspekulert måte vanskeleggjer det for Rolf å treffe dei. Ho kan og ha vore med på å skape eit därleg bilet av Rolf til ungane sine som gjer at dei ikkje vil møte han. For å ikkje å hamne i bekreftelsesfella kan vi ikkje utelukka at Ingeborg driv på med eit skittent spel.

Geir Aas skriv i ein artikkel om det ”strategiske offer” i familievoldssaker. Der viser han til samtalar med politibetjentar som sår tvil rundt kredibiliteten til offera i slike saker.

*”Noen utnytter den symapti for rettsvesenet for kvinner...”*

*”Kvinne kan anmelde mannen som en strategi i en barnefordelingssak”*

(Geir Aas 2009, s 214)

Rolf behøver ikkje aleine å vere den store stygge ulven, men den misforståtte personen som må ty til ekstreme handlingar for å bli høyrt. Handlingane kan vere framprovoserte.

### **Fungerar straff?**

Som eg nemnte tidlegare tok vi avhøyr og biletar av skadane på huset. Det neste nærliggande etterforskingsskrittet hadde vore å oppsøkt Rolf, kanskje pågrepet han, og teke eit avhøyr av han på stasjonen eller hotellet. Sida Rolf aldri kom i fysisk kontakt med Ingeborg ligg det i forholdets alvor å finne ut kva som kunne ha skjedd om politiet ikkje hadde kome, kva han la i truslane sine om at han skulle drepe dei alle saman. Kan det skje igjen? I så fall kva kan vi gjere for å hindre det?

Riksadvokaten legg klare føringar på korleis vi skulle løyse oppdraget, og det er liten tvil at vi kunne ha gjort meir i dette tilfellet. Det til tross for at Ingeborg kom seinare fram til ein anmeldelse ikkje var hensiktsmessig for verken ho, henna to born og Rolf.

Kvifor er det då så viktig for riksadvokaten at politiet skal opprette anmeldelse for på vegne av staten? Ei av årsakene kan vere som nemnt media og publikum sitt fokus på vald i nære relasjoner. Då spesielt vald mot kvinner, og riksadvokaten ynskjer å utvise handlekraft. Lovverket våra er spegl av moralske og etiske haldningar i samfunnet som det blir forventa at ein skal oppretthalde. Bryt ein desse kan ein bli straffa, og det er politiet som er statens formelle verktøy for å oppretthalde desse lovene.

Men kva som er straffbart endrar seg over tid. Vi skil mellom to uttrykk vi kallar for ”mala prohibita” og ”mala per se” som stammar frå romarretten (Geir Aas, 2009 s242) der ”mala prohibita” er lovbrot som forandrar seg med tid og rom. Fram til 1868 hadde menn ein lovfesta rett til å anvende fysisk makt over kona si. Dette er no ikkje lenger tilfellet og den sterke sekundær-kontrollen som har blitt bygd opp saman med den sterke kvinnebevegelsen som vaks opp på 70-talet har skapt holdningar om ”ekte” mannsfolk ikkje slår kvinner. Vi skal ikkje meir enn nokre år tilbake i tid der det er meget sannsynleg at politiet i denne saka hadde konkludert med at Rolf og Ingeborg måtte ordne opp seg sjølv i mellom. Politiet hadde kanskje ikkje møtt opp på døra eingong.

Ei straff skal verke både allmennprevantiv og individualprevantiv. Harald Kippe (Kippe,

2004, s 26) omtalar individualpreventiv i den retning at gjerningspersonen skal avstå frå å gjere liknande lovbrot i framtida. Den allmennpreventive virkninga går ut på kva den førebyggande effekta i ein eventuell straff på Rolf vil ha for andre potensielle lovtryterar og publikum. Spørsmålet blir då om det er etisk og riktig å bruke Rolf som eksempel i noko som familien vil halde for seg sjølve for å setje eit eksempel?

At samfunnet aktivt tek grep innanfor husets fire veggar og seier klart og tydeleg i frå at slik vil vi ikkje ha det i samfunnet våra. Ikkje berre straffar vi Rolf, men og heng han ut til skrek og advarsel til andre som kan finne på eller har gjort det same.

”Målet helliger middelet” vil kanskje nokon seie, men for denne familien kan det vere ein uheldig konsekvens. Sosiologien viser til eit begrep som vi kallar for stemppling og stigmatisering noko som Ragnar Hauge beskriver slik: ”*Stemplingen innebærer at man defineres som avviker av andre, mens stigmatiseringen innebærer at man opplever seg selv som avviker...*” (Hauge, 2007 s 300). Med dette meiner Hauge at Rolf kan gå inn i avvikarolla fordi han sjølv og nærmiljøet oppfattar han som eit utskot som ikkje passar inn i samfunnets normer. Ein anmeldelse kan då vere med å presse folk som Rolf enda meir mot kanten framfor å kanskje hjelpe han gjennom ei vanskeleg periode i livet hans. Om Rolf oppfattar seg som ein voldsmann kan han få ein lavare terskel til å gjere liknande handlingar igjen, fordi det er slik han oppfattar seg sjølv og trur han er. Noko som vil vere ein svært uheldig konsekvens. Vil då straff vere god førebygging?

På den andre sida av skalaen får ikkje sosiologien like stort spelrom. Og vi får eit veldig forenkla syn. Strafferammene i Noreg får ofte mykje kritikk, både i media, blant publikum og i politikken. Spesielt den blå høgresida vil ha strengare straffer og nulltoleranse for visse typar kriminalitet. Spesielt drap og saker som har med sedelighet å gjere, og no dei siste åra familievald. Eg har ei oppfatning om at publikum har ein tendens til å sjå på statistikk, og avisoverskrifter for å ta standpunkt i store samfunnsspørsmål. I familiesaker må vi gå djupare. Det må vi i dei fleste store spørsmål. Men i 2010 vart likevel strafferamma for vold i nære relasjonar betydeleg heva (*Regjeringen.no, pressemelding 08.06.2010 nr:70*)

## Kan politiet førebygge familievald?

*"Det å forebygge kriminalitet handler om å snu en skjeutvikling og unngå lovbrudd, det handler om å gjøre en forskjell og bidra til å gjenskape tryggheten og livskvaliteten for folk"* (Lie, 2011 s22). Slik ordlegg Elisabeth Myhre Lie seg når ho skal definere førebygging. Ein definisjon eg kan vere einig i. Å førebygge handlar om å vere i forkant, å forhindre at lovbroten skal skje. Vårt samfunn er bygd på ein moral som gjenspeglar seg i straffelova og når handlingar går på tvers av denne lova har vi fått ein uønska faktor vi ikkje ynskjer i samfunnet. Det er desse handlingane politiet ynskjer å stoppe før det skjer eller ikkje gjentar seg med sitt førebyggande arbeid.

Politiets lovpålagte arbeid med førebygging blir heimla mange stader i lovverket som for eksempel politilova §1 2.ledd *"politiet skal gjennom forebyggende håndhevende og hjelpende virksomhet være et ledd i samfunnets samlede innsats for å fremme og befeste borgernes rettsikkerhet, trygghet og alminnelig velferd forøvrig"* og politilova §2 nr 2.

Politet har dei siste åra saman med regjering, interesserorganisasjonar og media ført eit større fokus på slike hendingar. Med mål som å førebygge og hjelpe offer for slike hendingar. Spørsmålet blir, kan vi førebyggje noko som skjer bak husets fire veggar? Strengare straff har vist seg at det er ein dårleg måte å førebyggje på. Statar i USA med dødsstraff har for eksempel ikkje betre mord-statistikk enn dei utan dødsstraff. Som eg har drøfta tidlegare i oppgåva er kanskje ikkje ei streng straff for Rolf det som best hadde passa seg for verken han eller hans familie.

Politiets arbeid med vald i nære relasjoner er stort sett hendelsestyrt. Det betyr at noko må skje før politiet blir innblanda slik som i Ingeborg sin situasjon. Betyr det at politiet må sitje på gjerdet og vente på at noko skal skje? Etter kvart som politiets arbeid med vald i nære relasjoner har blitt meir omfattande har det og kome nye tiltak som skal hjelpe politiet i sitt arbeid. Dei to mest brukte er voldsalarmer og besøksforbod. Dette forutset at noko allereie har skjedd eller er fare for kan skje. Har då politiet i sitt førebyggande arbeid ei tilnærma umogleg oppgåve framfor seg når det kjem til å stoppe familievold?

Eg trur ikkje politiet kan stoppe familievold frå å skje utan å ta altfor store inngrep i kvardagen vår, noko som er svært lite ønskeleg. Vi har aktive haldningskampanjar mot familievold i regi av både offentlege og private organisasjonar, men slike har ofte

dokumentert liten eller ingen effekt. Noko undersøkelsar retta mot trafikk, røyk og alkohol har dokumentert<sup>2</sup>. Å endre folk sine haldningar endrar ikkje nødvendigvis deira handlingar.

Politi og staten har gjort mykje bra arbeid siste åra i arbeidet mot vold i nære relasjonar. Spesielt i det reaktive området og opprettelsen av krisesenter og barnehus, og stadig blir det gjort fleire tiltak. Regjeringa la fram i 2007 ein handlingsplan ”vendepunkt” der 50 tiltak mot vold i nære relasjonar er lista. Blant anna er krisetelefon, sinnemesitringskurs, haldningskampanjar og gratis bistandsadvokat er nyleg oppretta lista. (*Regjeringen, ”Handlingsplanen mot Vold i nære relasjoner 2008-2011” 2011*)

Men politiet har også fått nye føringer. Det har for eksempel kome eit skjematiske hjelpemiddel som blir kalla for ”SARA”. Eit skjema med rundt 20 spørsmål som fornærma skal svare på. Dette skal hjelpe politiet med å lage ei risikovurdering opp i mot gjerningspersonen og kartleggje fornærma sin situasjon. Likevel stiller eg spørsmål til slik skjematisering og kategorisering av enkeltsaker.

Eg meiner det kan vere med på å anonymisere saker til den enkelte i den grad at det er med på å forenkle måten politiet skal jobbe med mennesker på. Som kan føre til eit statisk politi der politibetjenten får ein instrumentell tilnærming og haldning. Dette kan gå ut over politiets evne til å sjå mennesket i saka.

Eg meiner likevel ikkje at vi skal undervurdere klare parallellear dei enkelte familievaldssaker kan ha til kvarandre, men vi må ha som grunntanke at det ikkje finns ein universalnøkkelen som passar til alle saker og som ikkje bør bli styrt av skjema, føringer frå riksadvokaten eller offentleg påtale.

For å få eit godt resultat avhenger det at tenestepersonen må ha mykje kunnskap om temaet. Helst personleg erfaring og engasjement. Etter kvart som diverse problem i samfunnet stadig blir meir kartlagt blir det og stilt krav til at politiet skal kunne ta tak i desse problema. Og eit følsamt tema som vald i nære relasjonar er det ingen enkel sak.

Politi skal ikkje lengjer berre ta på seg rolla som lovens handhevar, men og kunne vere krisehandterar, sosialarbeidar, meklar, terapeut og sjelesørgjar. Alt dette på grunn av politiet sin unike posisjon og autoritet i samfunnet.

---

<sup>2</sup> [www.blogg.orjas.no/holdningskampanjer-bortkastede-penger](http://www.blogg.orjas.no/holdningskampanjer-bortkastede-penger) og [www.rb.no/bil/trafikkens\\_unge\\_ofre/article4857039.ece](http://www.rb.no/bil/trafikkens_unge_ofre/article4857039.ece)

### **Prosessen med å skrive dette essayet**

Hendinga eg opplevde i praksisåret var med på å starte ein tankeprosess rundt eit utfordrande og sensitivt problem både for samfunnet og politiet. Eg opplevde at eg utvikla sterke meininger rundt situasjonen til Ingeborg og Rolf. Så eg bestemte meg tidleg for kva eg ville ha som tema i min bacheloroppgåve.

Eg ville bruke oppgåva til å få ”lufte” mine eigne meininger og refleksjonar. Då var det naturleg for meg å lage eit vitskapelege essay. Eg skal ikkje leggje skjul på at vi i år har fått mykje undervisning om emnet, så eg føler at mykje av kunnskapen har eg fått gratis. Men under skriveprocessen kunne det være ei utfordring. Eg opplevde at haldningane, synspunkta og perspektivet mitt forandra seg undervegs. Å setje seg inn i Rolf og Ingeborg sin situasjon var ei ny erfaring. I tilegg det å starte skriveprocessen på nytt etter eit par vekers pause, førte ofte til nye idear og omstrukturering. I byrjinga såg eg føre meg at temaet skulle fokusere på dilemmaet om offentleg påtale eller bruken av skjønn. Men eg enda opp med ein mellomting der eg gjekk nærmare inn på kva som kunne være motivasjonen til Ingeborg og Rolf sine handlingar. Samt det forebyggande perspektivet rundt straff.

Er det noko dette arbeidet i ettertid har lært meg, er det å utfordre mine eigne synspunkt. Ingenting er nødvendigvis like svart/kvitt som det ser ut frå eit førstepersons-perspektiv, og vi må være opne og kunne sjå ting frå forskjellige synsvinklar. Dette forutsetter at vi enklare kan sjå menneska bak og kva slags faktorar som utløyser uønska handlingar. Det er likevel viktig å ikkje misforstå det eg skriv her. Vi skal ikkje akseptere kriminelle handlingar, men vi må prøve å forstå dei for å kunne førebygge i framtida.

Eg har ingen ambisjonar om å bli ekspert på området, men eg trur at i politiet over tid kan få eit veldig eindimensjonalt syn på menneska dei møter i arbeidet sitt. Og at forhaldet til dei blir instrumentelt der mennesket blir sett på som middel, og ikkje mål.

Å skrive dette essayet har og lært meg å ikkje være forutinntatt. At folk sine handlingar ikkje blir gøynt bak ei overforenkla forklaring av at dei er ”onde”, men årsaka ofte har ei djupare forklaring.

Ein grunntanke må vere at vi ikkje skal akseptere Rolf eller andre sine kriminelle handlingar, men vi bør etterstrebe med å forstå dei – Vi kan ikkje førebygge før vi forstår.

**Sjølvvalgt pensum:**

Aas, Geir (2009) Politiinngrep i familiekonflikter: *En studie av ordenspolitiets arbeid med familiekonflikter/familievoldssaker i Oslo.* 320 sider.

Justis og Beredskapsdepartementet (2012). Handlingsplan. *Handlingsplan mot vold i nære relasjoner.* 15 sider.

Riksadvokatens rundskriv. (2008). Rundskriv nr. 3/2008. *Familievold.*

Politidirektoratet (POD 2008) Politiets arbeid med vold i nære relasjoner.  
72 sider.

Øverlien, Caroline (2010) Nasjonalt kunnskapssenter: *Barn som opplever vold i hjemmet*  
[http://www.nkvts.no/tema/Sider/Barnsomopplevervoldihjemmet\\_Kunnskapsstatus.aspx](http://www.nkvts.no/tema/Sider/Barnsomopplevervoldihjemmet_Kunnskapsstatus.aspx)

**Litteraturliste:**

Aas, Geir (2011) Vold i nære relasjoner sett med politiets øyne. *En pensumartikkkel skrevet for B3 ved politihøgskolen.*

Askeland, Strand, Sætre (2002) Voldsutsatte kvinners erfaringer: Et bidrag til arbeid med menn som utøver vold.

Beh-Karlsen, J (2003) Gode fagtekster- Essayskriving for nybegynnere (1utg) Oslo: Universitetsforlaget.

Haaland, T & Clausen (2008) Trusler og maktbruk i parforhold.

Hauge, R. (2007). Stempling og stigmatisering. I L. Finstad, & C. Høigård, Kriminologi. Oslo: Pax Forlag.

Isdal, Per (1990): Vold og kjærlighet – menn som mishandler kvinner. Oslo. Tano

Politiets arbeid med vold i nære relasjoner (POD 2008).

Straffeloven. (1902). *Almindelig borgerlig straffelov av 22. mai 1902 nr. 10*